


Skule-opprusting som lova

31.08.2011



Bjørn Olav tveit innleia valmøtet

Dømt utifrå det sentrale politikarar sa under valmøtet om skulen
i Husnes Kulturhus i kveld er det grunn til å tru at skulen i
Uskedalen vil bli opprusta som lova.

Ordførarkandidat for Framstegspartiet Ole Torbjørn Holmedal sa at partiet hans ynskjer å komma igang neste år på Husnes men deretter ville dei særleg prioritera Uskedalen som treng opprusting.

Ordførarkandidat for Senterpartiet Knut Prestnes kritiserte Framstegspartiet og Høgre for ikkje å ha løyvd noko til dette på budsjettet. Dette i motsetnad til posisjonspartia som førte opp 15 millionar til Uskedalen neste år.

- Det går an å lova og lyga, sa Sp-leiaren til Holmedal. Også ordførar Synnøve Solbakken (Ap) streka under at det står därleg til med skulen her i bygda, men både ho og andre var sterkt opptatt av at det må satsast på Husnes, Framstegspartiet vil her satsa på ei privat løysing medan Raudt vil ta pengar frå kraftfondet..

Uskedelingen Bjørn Olav Tveit, som er leiar for Utdanningsforbundet i Kvinnherad, var innleiar. Møtet vart leia med stor presisjon av redaktørane i lokalavisene og var godt besøkt. Tveit slo fast at Kvinnherad ikkje har prioritert utdanning i ynskjeleg grad, mellom anna på grunn av debatten om skulestrukturen. Det trengs fleire lærarar og auka kompetanse for dei.

- Og vi har truleg pengar nok til å driva lovleg, sa innleiaren og peika på at kommunen får pengar men nyttar dei til andre føremål. Talet på lærarstillingar har gått ned. Skulen manglar handlingsrom og det er særleg ålvorleg for dei yngste, held leiaren fram.

Knut Prestnes minna om at fleirtalet har løyvd ein ekstra million og at hans parti har kome med framlegg om å ansetta ein skulesjef med særleg ansvar for innhald og kompetanse. Fleire parti lova penger til styrkt bemanning og ein av dei var ordførarkandidat for Venstre, uskedelingen Kjell Yri.
- Dette er det viktigaste vi kan satsa på, slo han fast. Han var positiv til ein ny skulesjef, som kan dekkja den etterkvart sterkt byråkratiserte merkantile sektor

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen